



## Forventningsplakat mellom skule og heim Orre skule

Denne plakaten har blitt til i samarbeid mellom skule og heim på Orre skule. Det var Driftsstyret som tok initiativ til plakaten våren 2020. Hausten 2020 var dette tema på alle føresettemøta. Foresette har kome med innpsel til kva forventningar heimane har til skulen og kva forventningar heimen meiner skulen kan ha til heimen. Skulen har hatt lik prosess i personalgruppa.

### På Orre skule skal alle elevar bli ivaretekne på ein trygg og god måte

Det tyder at alle vaksne på skulen skal snakke til, og omtale, alle elevar med respekt. Alle vaksne skal møte elevane med smil og varme, og ta dei på alvor når dei fortel om ting som er viktige for dei. Dei vaksne skal aktivt observere elevane og fange opp dei elevane som har det vanskeleg. Vi skal rettleie elevar i leik og hjelpe dei til å skape vennskap. Skulen skal involvere føresette i dette arbeidet. Når skulen er uroa for ein elev, skal skulen samarbeide med dei instansar som er nødvendige, og som står skrive i [Klepp-modellen](#). Både elev og føresette skal involverast så tidleg som mogleg i dette.

Skulen har eit ansvar for at elevane er trygge. Skulen har prosedyrar og retningslinjer for uønska hendingar, og for rutinar i skulekvardagen som friminutt, turar og anna. Dette står det skrive i skulen sitt internkontrollsysten. Skulen har tilsyn på dette jamleg.

### På Orre skule er det konstruktiv kommunikasjon mellom skule og heim.

Det tyder at både skule og heim skal møte kvarandre med respekt. Det er lov å vere ueinig og kome med kritikk. Det er likevel slik at ein må hugse på at det sit nokon i andre enden og hører eller les det ein seier eller skriv. Ingen bør bruke store bokstavar og utropsteikn når ein skriv. Dette er verkemiddel som ser kraftfulle ut på trykk, og som kan stå i vegen for konstruktiv kommunikasjon. Ein bør unngå å ta kontakt viss ein er sint. Då bør ein vente til ein har roa seg ned. Skulen ønsker at det skal vere låg terskel for å ta kontakt viss det er noko ein er uroa for eller det er noko ein lurer på. Dei gode løysingane kjem lettare viss ein tar kontakt på ein respektfull måte, utan at ein har konkludert før ein tar kontakt. Målet er at skule og heim i lag skal få ei betre forståing av situasjonen og at ein i lag skal kome fram til gode løysingar og tiltak. Då er det viktig at ein ikkje har bestemt seg før ein tar kontakt.

Det er rutine på Orre skule at dei tilsette skal ta kontakt per telefon viss dei får ei melding på ein kommunikasjonskanal. Dette gjeld ikkje korte beskjedar om fråvær eller liknande.

### På Orre skule er det god informasjonsflyt

Det tyder at skulen skal gi god og grundig informasjon om både fagleg og sosial utvikling hos barnet. Det skal vere minst to utviklingssamtalar der både skule, elev og føresette skal delta. Foresette kan også rekne med at skulen tar kontakt viss det har skjedd noko på skulen som er viktige for heimen å vite om. Dette gjeld både fagleg og sosialt. Det betyr ikkje at





Orre Skule

KLEPP KOMMUNE

Med blikk for alle



skulen tar kontakt ved alt som skjer. Det hender at barn slår seg, blir leie eller blir uvenner. Dei fleste gongene dette skjer, går dette over etter litt trøyst og omsorg frå vaksne. Ved skade eller viss barnet er lei seg over tid, skal skulen ta kontakt med heimen. Heimen skal ta kontakt med skulen viss det er endringar i barnet sitt liv som kan virke inn på skulekvardagen. Det kan vere samlivsbrot, dødsfall i familie eller omgangskrets, sjukdom eller ny partnar.

Føresette skal alltid gi beskjed til skulen om fråvær. Dette skal ein melde til skulen innan 08.00 ved å sende melding gjennom skulen sin kommunikasjonskanal.

Lærarane legg ut viktig informasjon til heimane på vekeplanen. Den må alle føresette lese.

### På Orre skule har alle eit ansvar for leik og vennskap

Det tyder at alle vaksne, både skulen og heimane, har eit ansvar for at alle barn har venner og deltar i leik. Nokre barn kan streve med dette. Dei treng at vaksne hjelper dei til å meistre dette. Snakk alltid positivt om andre barn heime. Lytt til barnet om dei fortel om andre barn heime, både negativt og positivt. Hjelp barnet til å forstå at nokon kan streve meir enn andre. Barn som har ei utfordrande åtferd er ikkje vanskelege, men dei har det vanskeleg. Det tyder ikkje at barn skal tote å bli erta eller plaga av andre barn.

Barn treng å lære ulike strategiar dei kan bruke, både på skulen og på fritida, viss dei opplever noko som er vanskeleg. Det kan vere å lære seg å seie tydeleg stopp, gå frå staden, gå til ein voksen. Ta kontakt med skulen viss barnet over tid fortel om uheldig åtferd frå andre barn. Ver klar over at skulen i slike tilfelle verken kan avkrefte eller bekrefte om dette er noko skulen allereie kjenner til og arbeider med i lag med føresette til den det gjeld.

Følg opp vennegrupper og inviter andre barn med heim. Dette er særleg viktig når ein som føresett får høre om barn som strever med å etablere vennskap. Alle barn treng ein venn, og alle barn treng å kjenne at dei hører til eit fellesskap. Dette har alle vaksne eit ansvar for. For kvart barn som opplever utesenging/mobbing/plaging finst det som oftast fleire barn som stenger ute/mobbar/plagar. Ver open for at dette kan gjelde eige barn. Det kan vere vanskeleg å handtere at eige barn er den som gjer at andre barn ikkje har det trygt og godt. Unngå å bagatellisere dette som tull og tøys. Unngå å bagatellisere andre barn si oppleving. Alle kan tote ein spøk. Ein spøk som gjentar seg gong på gong etter at ein har blitt fortalt at andre blir leie seg, er ikkje ein spøk. Det er det ein kallar mobbing eller krenking. Det er vanleg at barn bortforklarar eiga åtferd med at det var ein spøk, eller at ein berre fleipa. Også i alvorlege mobbetilfelle kan ein høyre barn kome med slike bortforklaringar. Vaksne må hjelpe barna til å sjå skilnaden på tøys og moro og krenking. Vaksne må aldri støtte slike bortforklaringar. Ver klar over at dei aller fleste barn forstår godt at det dei seier og gjer er galt. Du hjelper ikkje barnet ditt ved å støtte dette. Barn som krenker andre, treng sjølv hjelp til å lære andre måtar å vere mot andre på.





# Orre Skule

KLEPP KOMMUNE

Med blikk for alle



## På Orre skule snakkar vi alltid fint om og til kvarandre

Det tyder at ein aldri skal snakke stygt om og til andre. Ikkje andre barn, deira føresette eller tilsette på skulen. Ein skal aldri bringe vidare sladder eller rykte om andre. Barn gjer som vi gjer, ikkje som vi seier. Viss barn hører eller ser at vaksne snakkar stygt om andre, kan det hende dei sjølv gjer det. Viss ein får høre noko om andre ein blir uroa for, skal ein ta kontakt med skulen eller klassekontakten. Ein kan også ta kontakt med leiar i FAU eller Driftsstyret. Det kan vere freistande å snakke med andre føresette før ein tar kontakt. Då må ein vere bevisst på kvifor ein gjer dette. Viss ein ved å snakke med andre føresette om dette er med på å bringe vidare sladder eller rykte, bør ein ikkje gjere det.

Kritikk er ikkje det same som krenking. Skulen må tolke å få kritikk. Viss ein som forelder opplever at skulen ikkje gir det tilbodet ein meiner at ein har rett på, eller at skulen på anna vis ikkje svarar på dei forventningane ein har som forelder, ønsker skulen at ein tar dette opp. Be gjerne om eit møte med skulen. Dei beste løysingane får ein når skule og heim samarbeider om å finne løysingane i lag.

## På Orre skule viser vi interesse for skulen og skulearbeid

Det tyder at ein bør snakke med barnet om korleis barnet har det på skulen. Følg opp lekser og leksearbeid. Lag gode rutinar kring dette. Les på lekseplanen sjølv om barnet ditt er sjølvstendig i leksesituasjonen. Ta kontakt med skulen viss du opplever at leksene er for vanskelege eller for enkle. Vis engasjement kring det barnet lærer på skulen, gled deg i lag med barnet når barnet meistrar og har framgang. Det hjelper barnet å reflektere over eiga læring når dei vaksne set ord på det: «Nå leste du det ordet heilt rett, hugsar du for litt sida at du syns det var litt vanskeleg?», «Nå kan du 6-gongen, hugsar du at du syns det var vanskeleg då vi begynte å øva i lag?»

Skulen har ei skriftleg rutine for lekser. I denne kan ein lese kor mykje lekse ein kan forventa at ein skal gjere kvar dag, og kva type lekse ein kan forvente å få. Viss barnet ikkje har med nødvendig utstyr heim for å gjere lekse (til dømes rett bok), kan barnet ta kontakt med ein i klassen for å låne eller foreldra kan ta kontakt på klassen si facebook-side.

Ein bør vere bevisst korleis ein snakkar om skulen og korleis ein stiller spørsmål. Det er stor skilnad på «Har nokon vore dumme mot deg i dag?» og «Korleis har du hatt det på skulen?». Vi får ofte meir av det vi set lys på. Det er heilt normalt at barn svarer «veit ikkje» når ein spør om korleis dei har hatt det eller kva dei har gjort. Ein kan få meir utfyllande svar viss ein spør: «Kven hadde du lag med i dag, kva var det kjekkaste som skjedde i dag, kva var det verste som skjedde i dag, kva leikte du i friminuttet i dag, kva handla norsk-timen om i dag...»

Nokre gonger fortel barn ting frå skulekvardagen ein blir uroa for. Det kan vere om lærarar eller om elevar. Ta kontakt med skulen, be gjerne om eit møte. Det kan vere at situasjonen er





# Orre Skule

KLEPP KOMMUNE

Med blikk for alle



slik barnet ditt seier det er. Det kan også hende at det ikkje er slik. Still gjerne spørsmål ved skulen sin praksis.

## På Orre skule får elevane tilpassa opplæring

Det tyder at lærarane skal overvake elevane si læring. Dei skal ha kjennskap til kor elevane er i si læring, og dei skal legge opp undervisninga etter det. På Orre skule har ein ulike kontrollstasjonar. Dette er periodar utover i skulelopet der ein har ein meir formell vurdering eller evaluering av elevane si læring. Dette kan vere kartleggingsprøver, nasjonale prøver eller andre undersøkingar. På Orre skule bruker vi mykje tid i lag på å analysere resultat og på å sette inn rette tiltak. Nokre av tiltaka er retta inn mot enkeltelevar. Dette kan vere intensiv leseopplæring, tilpassa lekser, tilpassa oppgåver i timen. Andre tiltak er retta inn mot heile klassen eller større elevgrupper. På Orre skule er vi opptatt av at alle elevar skal høyre til eit læringsfellesskap, og at alle elevar skal vere mest mogleg inne i klassen. Det er bra for kvar enkelt elev, og det er bra for klassefellesskapet. Det er likevel slik at dei aller fleste elevar vil oppleve at ein innimellom eller i periodar vil vere utanfor klasserommet i korte bolkar. Dette kan vere fordi ein treng ekstra utfordringar eller ein treng å trenre på spesifikke ting. Viss elevar i ein lengre periode er utanfor klasserommet, skal skulen gjere dette i dialog med føresette.

I tillegg til kontrollstasjonane skjer det ei kontinuerleg undervegsvurdering. Elevane er involvert i dette arbeidet. Ei viktig del av opplæringa er at elevar skal vere med å vurdere eige arbeid. Dette blir gjort i takt med modning og alder på barnet.

Viss eleven treng ekstra oppfølging for å nå måla i lærarplanen, skal skulen, i samråd med føresette, kalle inn til eit Tidleg Innsats-møte. I dette møtet blir ein einige om ein kan ivareta opplæringa innafor tilpassa opplæring eller om ein skal melde dette til PPT. Viss ein er einige om å melde saka til PPT, vil PPT gjennomføre nokre kartleggingar for å avgjere om det er spesifikke fagvanskar. Skulen gjennomfører også ei kartlegging. Viss eleven har ei spesifikk fagvanske får eleven da ei sakkunnig rapport frå PPT og skulen skriv ein IOP (Individuell opplæringsplan). Skulen fattar eit enkeltvedtak om timar til spesialundervisning. Dette enkeltvedtaket har føresette klagerett på.

## På Orre skule er det kompetente og fagleg oppdaterte lærarar

Det tyder at Orre skule alltid vil jobbe for å ha lærarar med godkjent utdanning. På Orre skule skal det vere eit godt profesjonsfellesskap der ein diskuterer eigen praksis opp mot forsking, aktuell litteratur og statlege og kommunale føringar. Metodane lærarane nyttar skal vere forskningsbaserte. Det vil seie at vi skal bruke tid på det vi veit fører til meir læring, og unngå metodar som ikkje fører til meir læring. Lærarane skal halde seg fagleg oppdaterte. Leiinga på skulen har ansvar for at lærarane har den nødvendige kompetansen som trengst. På skulen finst det ein kompetanseplan for felles kompetanseheving på skulen.





# Orre Skule

KLEPP KOMMUNE

Med blikk for alle



Det er ikkje nok at ein lærar har god fagleg kompetanse. Lærarane skal også ha god relasjonell kompetanse. Dei skal evne å sjå kvart enkelt barn og møte dei der dei er. Dei skal følgje opp elevane både fagleg og sosialt, og alltid i samarbeid med føresette.

## På Orre skule er det ei god fordeling av ressursar på kvart trinn

Det tyder at Orre skule følger lærarnorma som seier kor mange pedagogar det skal vere per elev i skulen. Frå 1-4.trinn er det 1 lærar per 15 elevar, og frå 5-7.trinn er det 1 lærar per 20 elevar. Det finst ein formel for korleis ein kan rekne ut dette viss talet på elevar er høgare enn 15 eller 20. Ein kan sjekke korleis Orre skule ligg an på [denne](#) sida.

Alle skular i Klepp kommune får tildelt ressursar etter tal på elevar. Det vil seie at skulen får tildelt sine ressursar før kvart skuleår. Slik er det for alle skular. Dette talet tar høgde for at det er elevar med spesialundervisning og andre situasjoner som permanent eller i periodar kan krevje at ein sett inn ekstra ressursar. Det er altså ikkje slik at til dømes eit enkeltvedtak om spesialundervisning løyser ut «ekstra» ressursar.

Hovudregelen er at kvart trinn får utdelt sine ressursar for skuleåret. Så kan det skje ting i løpet av skuleåret som gjer at ein må flytte ressursar frå ein plass til ein annan. Norma for lærartettleik gjeld uansett, så skulen flytter ikkje ressursar som ein klasse har «rett» på.

Rektor har ansvar for at alle klassar har eit forsvarleg tilbod. Det vil seie at ein tar høgde for ulike utfordringar i klassane når ein fordeler ressursar.

## På Orre skule hjelper vi elevane til å vere godt førebudde

Det tyder at heimen lager gode rutinar heime kring utstyr, skulemat og læringsbrett. For at alle barn skal vere godt førebudde til skulen, er det viktig at dei har gjort dei leksene dei skal, har med rett utstyr, har med sunn skulemat og at læringsbrett er lada.

Heimen har som ansvar å sørge for at ungane har rette klede. Elevane er ute kvar dag. I tillegg har elevane ein dag i veka der dei er ute. Det er viktig at ein har med klede som passar til dette, slik at ein ikkje blir våt og kald.

Skulen skal gi beskjed til heimen i god tid viss det er behov for særskilt utstyr, til dømes i samband med turar (utanom utedag) eller aktivitetsdagar. Slik informasjon vil ein skrive på lekseplanen.

## På Orre skule har ein god folkeskikk

Det tyder at barna må lære dei magiske orda «takk, ver så god, kan eg...». Det er også at ein lærer å vente på tur, ta omsyn til andre og deira ting og å ta vare på skulen sitt utstyr. Det er heimen som har ansvar for å oppdra eigne barn. Skulen skal støtte opp under dette arbeidet.

På skulen vil ein alltid påtale stygt språkbruk. Det er ikkje akseptert å banne, kalle nokon for stygge ting eller på anna måte krenke andre.





På Orre skule har vi nulltoleranse for nedsetjande kommentarar om seksuell legning, religion, funksjonsnedsetting, nasjonalitet og hudfarge.

### På Orre skule har vi respekt for kvarandre si arbeidstid

Det tyder at både skule og heim må respektere at nokatid er arbeid og nokatid er fritid. Lærarane har i snitt arbeidstid til 16.30 kvar dag. Delar av denne tida kan lærarane sjølve styre. Kveldar og helger er som hovudregel lærarane si fritid. Heimen kan godt sende melding til lærar på kveldstid, men ver klar over at lærar kanskje ikkje les dette før ein kjem på arbeid morgonen etter.

Viss heimen treng å kome i kontakt med skulen i helg eller kveldstid, kan ein ringe rektor. Rektor vil avgjere om ein treng å involvera lærar i løpet av helga/kvelden, eller om ein kan vente til neste arbeidsdag.

Ved samtalar eller møte på skulen, skal skulen ta omsyn til føresette si arbeidstid. Alle har krav på fri frå jobb for å følgje opp eigne barn. Skulen skal likevel så langt råd er, prøve å leggje til rette for å finne ei tid som passar føresette og deira arbeidstid. Det tyder til dømes at føresette med lang reiseveg til arbeid, kan få samtalar på morgonen eller på ettermiddagen.

